

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite

Møte onsdag den 25. oktober 1939 kl. 11

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite
Møte onsdag den 25. oktober 1939 kl. 11.

Møtet lededes av formannen, Hambro.

Samtlige medlemmer møtte. Istedenfor Andrå, som hadde meldt forfall, møtte Samuelsen.

Av Regjeringens medlemmer var til stede: Nygaardsvold, Koht, Monsen, Lie, Hjelmtveit, Torp, Hindahl og Frihagen.

Fra Utenriksdepartementet møtte utenriksråd Jens Bull og ekspedisjonschef Smith.

Formannen: Vi har innkalt dette møte for av Regjeringens medlemmer å få meddelelser om enkelte av de viktige ting som foregår, og de viktige ting som har foregått: forhandlingene på statschefmøtet i Stockholm, d.v.s. det finsk-russiske spørsmål sådan som det står, og visse spørsmål vedrørende våre forhandlinger med England, vedrørende vår forsvarsberedskap og våre forsyninger, og jeg vil med en gang gi ordet til utenriksministeren, for at han kan gi oss meddelelse om de viktigste av disse spørsmål.

Statsråd Koht: Det var den 7. oktober eg var her sist i utanriksnemnda og greidde ut um dei utanrikske spørsmåla som då låg fyre, og kor langt dei var komne. I dryftingane sist vart det spurt um eg hadde nokon kjennskap til dryftingar millom Finnland og Sovjetsamveldet um politiske spørsmål i same stilten som dei dryftingane Sovjetsamveldet då hadde havt med dei andre baltiske statane, og eg svara: Nei, eg hadde ingen kunnskap um dei, tvert imot, eg visste at til då hadde det ikkje vore dryftingar, men at eg sjølv sagt ikkje kunde vita kva som kunde henda i den nærmeste framtid. So hende det, det var just same dagen, at utanrikskommisariatet i Sovjetsamveldet bad Finnland um forhandlingar um politiske og handelspolitiske spørsmål, og nokre dagar etterpå, den 11. oktober, var det at den finske forhandlaren, sendemannen i Stockholm, Paasikivi, kom til Moskva. Det er klårt at dei i Finnland var noko urolege over denne «venskaplege» innbjodinga til Moskva, just etter det dei hadde set gå for seg med dei andre statane. Der hadde det då kome i stand det som dei kalla «hjelpepakter», først millom Sovjetsamveldet og Estland den 29. september, so ei pakt av same slaget med Latvia den 5. oktober, og so kom det då - etter det eg veit den 11. oktober - hjelpepakt i stand med Litauen. I Finnland var dei urolege for dette, for di Sovjetsamveldet i samanheng med desse hjelpepaktene hadde kravt og fått løyve til å setja russiske herfolk i desse andre landa. No visste dei i den finske regjeringa ingen ting på fyrehand um kva framlegg dei vilde koma med frå russisk side, men gjennom den svenske regjeringa vende dei seg til alle dei andre nordiske regjeringane og bad um at dei vilde gjera ei venskapleg fyrreteljing i Moskva, som kunde vera til studnad for

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite

Møte onsdag den 25. oktober 1939 kl. 11

Finnland, og det fekk då sendemennene våre der burte instruks um den 11. oktober. Dei bad då alle i hop, den norske, danske og svenske sendemannen, um å få eit møte med folkekommisären for utanrikske saker, Molotov, dei bad um å få koma til han same dagen. Det fekk dei ikkje noko svar på den dagen, og sidan dei visste at næste dagen skulde forhandlingane med Finnland take til, so sende dei inn den 12. oktober ei skriftleg fyreteljing. Den har vi kunngjort i dei norske blada umlag heilt ordrett soleis som ho vart avgjeven. For di vi ingen ting visste um dei serskilde krava kunde det ikkje vera anna enn ei ålmenn fyreteljing, der vi uttala vona og ynsket um at det ikkje måtte koma noko slag framlegg frå russisk side som kunde krenkja den finske nøytraliteten, og eit ynske um at forhandlingane berre måtte føra til ei venskapleg forståing millom dei two landa. Den same dagen, den 12. oktober, var det då at forhandlingane kom i stand, og eg fekk straks frå Moskva melding um kva dei russiske krava gjekk ut på. Eg fekk desse meldingane i ei slik form at eg ikkje kunde ha rett til å bera dei lenger fram, d.v.s. eg har lata Regjeringa få kunnskap um dei, men eg trur ikkje eg har rett til å gjeva full opplysning um desse russiske framlegga, og serleg kann det kanskje ikkje vera so turvande for di desse framlegga har vore brigda sidan. Men so mykje kann eg i det minste segja, at um Finnland skulde ha gått med på det russiske framlegg i den fyrste forma, ville det dermed ha vore slutt på den nøytralitetspolitikken som Finnland heldt uppe i samband med dei andre nordiske landa. Det ville dessutan ha vore ymse inngrep i den finske integriteten og ein fåre for at russane beint fram kunde få slik ein maktposisjon i Finnland, so det ikkje var so heilt trygt lenger med det finske sjølvstendet. Desse krava kom i form av framlegg. Dei vart då avviste, og Finnland står fast på at slike krav kann dei ikkje vera med på. Same dagen som desse krava vart lagde fram i Moskva, var det at den svenske regjering - det vil då segja i forma kong Gustaf - bad i hop til eit nordisk statschefsmøte i Stockholm, der statschefane skulde ha fylgje med utanriksministrane. Denne innbjodinga vart straks motteken frå alle dei andre regjeringane, og som det då er vel kjent, møttest statschefane og utanriksministrane frå alle dei 4 nordiske land i Stockholm den 18. og 19. oktober. Frå denne samkoma har det vore sendt ut ei pressemelding som segjer i grunnen alt det som vart dryft på dette møtet eller - som ein kann segja - det som utanriksministrane vart samde um og som etterpå vart godkjent av statschefane. Men det som ligg bak, vart det ikkje sagt noko um, og det var just tilhøvet til Finnland. Denne pressemeldinga segjer berre, at alle dei nordiske landa vil verja framleies nøytraliteten sin, og at dei vil taka alle avgjerder i politiske spørsmål under umsyn til nøytralitetspolitikken. Men det var då spursmålet um Finnland som låg bak, og den finske utanriksministaren greidde då ut for oss at Finnland måtte setja seg imot dei

russiske krava. No har det då sidan vorte nye forhandlingar i Moskva, og det er lagt fram nye framlegg frå russisk side. Kva desse nye framlegga går ut på i det einskilde, har eg enno ingen kunnskap um, men for det fyrste har Russland teke tilbake det upphavlege framlegget sitt um ei hjelpepakt, forsvarssamband, millom Finnland og Sovjetsamveldet. Slik ei militærpakt er det klårt vilde gå beint mot all nøytralitetspolitikk. Det vart straks med ein gong avvist frå finsk side. Sovjetsamveldet har teke det framlegget tilbake. Men det kann vera andre spørsmål som endå kann vera vanskelege, dei som gjeld meir lokale tilhøve. Det trur eg nok at Sovjetsamveldet ynskjer under visse former noko slag hjelp av Finnland, og det som er grunnlaget for alle dei russiske til Finnland, er tanken på å få militær trygd for Leningrad, soleis at Russland skal vera fullt trygda der, ha trygd for den næst største byen sin.

Då spørsmålet vart dryft i Stockholm, so vart det dryft berre ut frå dette synspunktet um nøytraliteten, og det vart ikkje kravt noko anna av dei andre nordiske regjeringane enn at dei skulde vera med på å forkynna denne nøytralitetspolitikken. Det vil då med andre ord segja: Finnland bad ikkje um noko anna enn det vi kann kalla moralisk studnad. Noko anna spørsmål um studnad til Finnland vart i det heile ikkje nemnt frå noka side. Eg vil gjerne ha nemnt dette negative her, for di det kunde henda at det var spørsmål som elles vilde koma til å bli reist og naturleg kunde bli reist. Men eg vil leggja åt i denne samanhengen, at eitt av dei russiske framlegga galtd eit lite umråde oppmed Nordishavet, og det er grunnen til at vi i den norske regjeringa har meint at det vilde vera rett å styrkja forsvaret vårt der nord. Det vil forsvarsministeren gjera meir greie for.

Det er desse tinga som eg kann segja um det finsk-russiske spørsmålet, og eg trur då at eg dermed kann gå over til andre av dei spørsmåla som det kann vera nyttig å gjeva opplysning um her i utanriksnemnda. For det fyrste eit einskilt lite spørsmål som vart reist her i det fyrre møtet, spørsmålet um moglege protestar frå norsk side mot nøytralitetskrenkjingar frå dei krigførande. Eg sa her fyrre gongen at vi hadde meldingar um at framande krigsfly hadde kome inn over dei norske sjøgrensone; vi hadde meldingar um det, men vi hadde ikkje prov for det i svært mange tilfelle, og vi hadde ikkje visse for kva det var for slag nasjonalitet dei var av desse flya som skulde ha vore set innanfor sjøgrensa. Men eg sa at um vi fekk noko slag prov, so vilde det vera sjølvsagt at vi protesterte. Og vi fekk slike prov just i dei nærmaste dagane etterpå. Det var tyske fly som hadde kome inn over sjøgrensone, siste gongen den 9. oktober. Det har vi då gjeve vår protest mot til den tyske regjering. Den protesten vart gjeven i Berlin den 19. oktober. Dessutan har det i dei siste dagane kome meldingar um framande fly som har vore inne over den norske grensa nordpå kringum Varangerfjorden. Det vil vi vel nærmast tru måtte vera

russiske fly, og då vilde det ikkje vera
nøytralitetskrenkjing når slike fly kom inn over grensa vår
for Russland er ikkje i krig, men det vilde vera i strid med
dei reglar vi har for flyging inn over landet vårt. Den
einaste meldinga vi har der nordanfrå, som vi kann segja gjev
eit prov for at framande fly i sanning har vore inn over
landet, det er ei melding frå den 13. oktober um fly som har
vore inne over Jakobs-elva, og det skal det då bli sagt frå
um i Moskva, at vi må gå ut frå at regjeringa der syter for
at slikt ikkje tek seg upp att, for det er eit brot på våre
reglar.

Den viktigaste saka elles som eg har å gjeva melding um
her, det er forhandlingane våre med Storbritannia. Då eg var
her sist, 7. oktober, nemnde eg at dei forhandlingane som var
førde i London um ein skipsfartsavtale, fyrebils var
avbrotne, soleis at den delegasjonen vi hadde der burte,
hadde teke burt frå London på heimveg den 5. oktober, og
etter so delegasjonen hadde kome heim - det tok ikkje so lita
tid då det var slik storm på ferda over Nordsjøen at dei
brukte 45 timer i sjøen frå Newcastle til Bergen - fekk vi
full melding um forhandlingane og kva der hadde gått for seg.
Det kom for so vidt ikkje uventande for oss at dei
forhandlingene ikkje hadde ført fram. Den delegasjonen vi
hadde sendt med sendemann Urbye til formann, hadde til
instruks å freista å få i stand ein avtale um dei ålmenne
fyresetningar som ein skulde byggja på um dei norske
skipsreidarane skulde gjeva noko av tonnasjen sin til
rådvelde for Storbritannia i denne krigstida. Vi visste godt
at det dei på engelsk side vilde ha, var tonnasje, det var
visse for at dei kunde få norsk tonnasje. Regjeringa kunde
ikkje gjera nokon avtale um dette. Skipsreidarane
representerte av Norsk Reder forbund vilde helst venta med å
dryfta spørsmålet, og den delegasjonen som var send, kunde då
berre taka opp spørsmålet um ålmenne fyresetningar og vilkår
for at dei avtalane som so skipsreidarane gjorde, kunde bli
sette i verk. Eg trur eg nemnde sist dei ting som det var
tale um. Det var um trygd for den norske skipsfarta elles og
for skipsfarta millom Noreg og Tyskland serskilt, og dessutan
um alt det som kunde gjelda for sjølve skutone med trygd for
mannskap og farty som kunde gå tapt. Slike ting var det
instruksen gjekk ut på. På britisk side vart dei no ståande
fast på det at dei først og fremst vilde ha tonnasje. Men
dei kom då i det minste so langt at vi fekk sett upp til
aller sist, den 4. oktober, straks fyrr den norske
delegasjonen tok på heimvegen, kva krav den britiske
regjeringa hadde, og eg skal nemna her dei reint praktiske
tinga som det var spørsmål um. Den britiske regjeringa
ynskte å få til rådvelde for frakt for dei allierte minst 150
tankbåtar. Det er ein stor part av den norske tanktonnasjen.
Vi har 215 slike tankbåtar i den norske floten, og 150 skulde
svara til umlag 1 200 000 tonn. Det vilde dei ha på
timecharter, og dei gav upp dessutan kva frakter dei vilde

byggja på. Dei vilde byggja på ei frakt av 8 sh. pr. tonn daudvekt med tillegg av dei serskilde kostnadene som krigstida førde med seg - det galdt då for tankbåtar på ein storleik av 10 000 tonn - og dessutan vilde dei ha andre skip; men um det var det ikkje sett upp tal. For resten vilde dei at vi skulde halda uppe all den linefart vi hadde på England i fyrevegen, og dessutan hjelpa til med annan tonnasje, likevel slik at Noreg skulde kunna ha fullt nok for sitt eige bruk og jamvel for bruk venteleg i det minste for dei andre nordiske landa.

Med dei krava kom då delegasjonen vår heim til Noreg, og dei næste dagane etter delegasjonen hadde kome heim, var det då dryftingar millom Regjeringa og Norges Reder forbund um den skipnaden ein skulde nå fram til. På bære sidone var vi samde um at ein måtte finna ei form som var slik at det kunde vera fullt klårt til alle sidor at det ikkje var den norske regjeringa som frakta burt skipa til England, eller gav skipa til rådvelde for den britiske regjeringa, og den 12. oktober fekk vi på grunnlag av desse dryftingane ei skriftlig fråsegn for Norges Reder forbund um at Reder forbundet vilde taka på seg å gjera slik ein avtale, soleis at det stod som part på norsk side, og at Reder forbundet då vilde senda ein delegasjon over til England, som skulde dryfta alle dei spørsmåla som kunde ha samanheng med at England fekk slik ein norsk tonnasje til rådvelde. Denne delegasjonen av reidrarar med skipsreidar Thomas Fearnley til formann tok i veg her fra Oslo den 20. oktober. Etter vi hadde fått utkastet til den instruksen som Reder forbundet gav utsendingane sine, sende vi frå Utanriksdepartementet eit skriv til Reder forbundet der vi tok eit visst undahald. For det fyrste soleis at når dei i instruksen hadde sett at denne tonnasjeavtalen måtte bli bygt på det vilkåret at det samstundes kom i stand ein avtale med den norske regjeringa um varebyte, måtte slikt ikkje bli sett i sjølve avtalen; for her skulde vera ein heilt privat avtale med Reder forbundet, men soleis at det skulde bli ei fyresetning likevel at avtalene skulde bli sette i verk samstundes, um dei kom i stand. Men det som vi serskilt måtte gjera eit undahald um, var den ting at Reder forbundet hadde tenkt seg at garantien for at all skipsfart på Noreg kunde få gå i fred og ro, skulde vera at reidrarane eller importørane gav garantifråsegner til dei britiske styremaktene soleis som dei måtte krevja. Serskilt skulde dei då gå ut på at varone som kom, ikkje vart utførde att til Tyskland. Det har den norske Regjeringa av prinsipielle grunnar meint var urett. Vi har heile tida halde på, og fått det godkjent frå britisk side òg, at grunnlaget for alt dette må vera at det at den norske Regjeringa har gjennomført utførselsforbod der berre Regjeringa kann gjeva lisensar, skal vera nok for den britiske regjeringa, soleis at alle desse personlege individuelle garantifråsegngene skal vi ikkje ha noko meir av. Og etter alt eg kann skyna, er det dessutan den einaste måten som kann føra fram til at vi blir kvitt alt det som heiter svartelistor, og det har vi då òg halde fram i

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite

Møte onsdag den 25. oktober 1939 kl. 11

tilhøvet til den britiske regjeringa at heile skipnaden med svartelistor, som var nytta so mykje i den fyrre krigen, det må vi ikkje ha noko av denne gongen. Den avtalen som skipsreidarane skal koma til å gjera, vil då gjelda berre vilkåra for sjølve fraktfarta. Dei må gjera avtalar um fraktsatsane, og i det heile alt som gjeld sjølve dette at dei kann skaffa tonnasje. Denne tonnasjen vil då Reder forbundet taka på seg å skaffa frå sine medlemer. Det kann vera eit spørsmål for Reder forbundet um det dessutan kann få tonnasje frå reidarar som står utanfor Reder forbundet, men det blir ei sak millom Reder forbundet og desse andre reidarane. Korleis det no kjem til å gå med desse forhandlingane i London um denne tonnasjen, det kann eg i denne stunda ikkje segja noko um. Eg har endå ikkje fått noka melding um at forhandlingane har kome i gang, men dei skulde då koma i gang i desse dagane.

Eg vil gjerne i denne samanhengen gjera ein merknad som er litt meir personleg. Det er det at det er med skipsreidarane som det er med alle andre menneske, det er two slag av dei: det er dei lojale og dei illojale. Eg har høyrt at illojale skipsreidarar har gått i kring her i byen, og venteleg då i andre byar òg, og fortalt at den fyrre norske skipsfartsdelegasjonen til London ikkje kunde greia saka, so no måtte reidarane koma til med si hjelp, so det kunde bli noko av. Av det som eg har greitt ut, ser utanriksnemnda klårt, at når det ikkje kunde bli noko av nokon avtale då den fyrste delegasjonen var i London, var det just for di skipsreidarane den gongen ikkje vilde vera med å dryfta spørsmålet um sjølve tonnasjen. Då kunde det ikkje koma nokon avtale til stand. Vi freista gjera det, men det var ikkje mogleg. No har då skipsreidarane vorte nøydde til å vera med på denne dryftinga. Det kann henda at ein har vunne noko på at det har gått ei tid, at ein har kunna venta ei stund med dette. Det er mogleg. Det kann likeso gjerne henda at det er det motsette som er tilfellet; men i alle tilfelle er det då soleis at ein kann ikkje koma med noko slikt påstand som at no skal skipsreidarane greia det som den delegasjonen som vi fyrr hadde - der det var two skipsreidarar med - ikkje kunde greia.

Eg nemnde sist då eg tala um desse tinga, at det frå engelsk side two gonger hadde kome fram trugsmål i samanheng med dette spørsmålet um å få norsk tonnasje i krigstider, trugsmål um at kunde dei ikkje få dette, kunde det spøka for koltiførsla til Noreg frå England. Um dette sende eg den 9. oktober ein instruks til delegasjonen i London, der eg sa, at skulde det trugsmålet bli nemnt ein gong til, eller skulde det bli eit anna høve til å tala um det, so skulde legasjonen segja frå at eit trugsmål av dette slaget hadde vekt stor undring hjå dei norske statsmaktene, og legasjonen skulde då minna um at det var den britiske regjeringa som hadde fått skipa det soleis at vi i Noreg skulde vera bundne til å taka 70 pct. av vår kolinførsle frå England, medan Noreg so godt

kunde fått meir frå andre land enn dei 30 pct. som då var att, so det var ei teneste som vi der i røynda hadde gjort England. Dessutan skulde legasjonen minna um at den britiske skipsfartspolitikken gjennom alle år som har gått sidan verdskrigen, smått um senn hadde trengt ut norsk skipsfart på England. Fyre verdskrigen var det minst 40 pct., kanskje 50 pct., kanskje jamvel meir av den norske floten som hadde si fart på Storbritannia. No i dei siste åra har det kome svært langt ned. Norges Reder forbund rekna sjølv, då det la fram sine opplysningar for oss, at det nok ikkje var meir enn 10 pct. av den norske handelsfloten som var i fart på Storbritannia. Det har no synt seg å vera ei mistyding frå Reder forbundet, dei har mistydt noko av statistikken. Ein kann rekna med at det er um lag 25 pct. i røynda som er i den farta, men likevel er det ein stor nedgang, soleis at når England no krev so stor ein part av den norske floten til teneste for seg, so har England sjølv ansvaret for at det er so liten part som no er der. Med det har ikkje det engelske kravet so sterkt eit grunnlag som det under andre vilkår kunde ha hatt.

Når eg nemner kolavtalen, so kjem eg då over til den andre parten av dryftingane våre med England, dryftingane um heile handelssamkvemmet. Eg fortalte sist her i møtet at vi alt den 26. september i telegram frå legasjonen vår i London hadde fått melding um dei krava som den britiske regjeringa sette i spørsmålet um handelssamkvemmet. Det har synt seg, då vi no etterpå fekk det skriftleg, at det i eit einskilt punkt var rangt referert i telegrammet. I telegrammet heitte det at vi skulde avgrensa utførsla vår til Tyskland av kontrabandevaror, det skulde bli sett fast grensor for kontrabandevaror, men det synt seg i det endelege kravet som vi fekk, at denne avgrensinga av utførsla var meint å gjelda for alle varor som hadde norsk upphav. Det var soleis eit krav som gjekk mykje lenger enn det vi frå fyrsten hadde. 2-3 gonger har vi frå norsk side mint um at vi måtte koma i dryfting um desse spørsmåla um handelssamkvemmet. På britisk side har det tydeleg vore tanken at dei fyrst vilde ha tonnasjeavtalen, og so etterpå dryfta dei andre spørsmåla. Frå norsk side har vi meint, som eg fyrr har sagt her, at vi ikkje vil ha ein tonnasjeavtale, i det minste ikkje ha han sett i verk, utan vi dessutan har ein avtale um handelssamkvemmet, so vi med den kann ha den trygd som vi ynskjer å ha og bør ha for våre eigne tilførslor. Vi har minnt um dette spørsmålet, og vi har då fyrst nyleg fått eit svar um at dei no gjerne vil taka upp dryftingar um det òg, og venteleg kjem då dei dryftingane i gang i denne vika, kanskje fyrst i neste vike, men eg vonar i denne vika. Meininga er då at dei dryftingane skal bli førde her i Oslo. Det er ein fyremun for oss å ha dryftingane her, for då har vi her hjå oss alle dei sakkunnige som vi stendig må rådføra oss med i desse spørsmåla, vi kann ha for handa alle dei opplysningane vi treng, so eg er glad for at den britiske regjeringa har gått med på dette framleggget frå norsk side um

å taka upp dryftingane her i Oslo. Men dei ventar vi då endå på. Vi har i Regjeringa, og serskilt då fyrst i Utanriksdepartementet, arbeidt med den instruksen som dei norske forhandlarane skal ha, og sett opp våre prinsipp der det gjeld ymse av dei britiske krava, som det ikkje er tale um at vi på norsk side kann gå med på, serleg slike ting som at det skal vera forbod mot gjenomførsel, transitt, for varor gjenom Noreg til Tyskland, men at det skal vera fri transitt for varor gjenom Noreg til England. Det er klårt at vil vi halda uppe vår nøytralitet, so må vi ikkje i slike ting gjera nokon mismun på nokon av partane, vi må gå likt fram. Vi har for handelen sett upp som ein regel at vi vil halda uppe det normale varebytet med alle dei krigførande. Det er i og for seg ikkje noko krav etter nøytralitetslova; vi kunde godt auka handelen vår eller minka handelen vår til kven vi vilde, og likevel vera nøytrale; men vi har meint under dei vilkåra som rår no, at det vilde vera eit godt standpunkt å stå på, dette å ha eit normalt varebyte. Det er då alle slike ting som vi kjem til å måtta dryfta med England i den nærmeste framtida.

Statsråd Monsen: Som utenriksministeren oplyste, fikk Regjeringens medlemmer vite hvad de russiske krav overfor Finnland gikk ut på, da Russland bad om å få forhandlinger med Finnland, og det var årsaken til at Regjeringen tok op spørsmålet om forholdene angående nøytralitetsvernet i Nord-Norge. Kommanderende General og Kommanderende Admiral blev innkalt til konferanser om det i Forsvarsdepartementet, og blev da bedt om å meddele hvad det etter deres mening burde gjøres. Det forslag som de fremla, har da Regjeringen fulgt. For sjøforsvarets vedkommende gikk det ut på at en del av det materiell som hittil har vært knyttet til nøytralitetsvernet i den sydligere del av landet, blev flyttet op til Nord-Norge, og at de fartøier det gjaldt, blev erstattet med leiede bevokningsfartøier på Sørlands- og Vestlands-kysten, hvor disse fartøier hadde vært før. Det var 3 av Sleipner-jagerne som blev overført til Nord-Norge. Dessuten blev det bestemt at 2 undervannsbåter skulde overføres til Nord-Norge, etter at de først hadde vært inne til eftersyn. Dessuten fikk sjøforsvaret til disposisjon for bruk i Nord-Norge 3 av de Heinkel-torpedofly som er kjøpt fra Tyskland, og hvorav de 4 er tatt i bruk, det 5te visstnok er kommet i disse dager - det skulde i allfall være kommet - og det 6te vil komme i løpet av nærmeste ukers tid. De 3 av disse fly blev altså sendt nordover.

For hærens vedkommende var det noget delte meninger innen militære autoriteter om hvor meget som burde samles oppe i den nordligste og østligste del av Nord-Norge, i Vest-Finnmark og Øst-Finnmark. Men som forholdene lå an, foreslo kommanderende general og generalstabschefen at det blev mobilisert en bataljon til, Alta bataljon i Vest-Finnmark, og at det ved bestilling av barakker til rask opsetning blev

gjort forberedelse til å kunne mobilisere enten en bataljon til som skulde legges i Varanger, eller at Alta bataljon skulde føres over dit. I tillegg til Alta bataljon som ble mobilisert, kommer et pionerkompani fra Helgeland som er stasjonert i Varanger. Det er fordelt på strekningen mellom Vardø, det indre av Varangerfjorden og Kirkenes.

Divisjonschefen i 6te divisjon har ment at det dessuten burde mobiliseres avdelinger på sine mobiliseringssteder lenger vest og syd i 6te divisjon for eventuelt å transporteres nordover, om det skulde bli nødvendig. Det er ikke anbefalt av kommanderende general, så det er ikke satt i verk. Det jeg her har nevnt, er det som er gjort for å styrke nøytralitetsvernet i Nord-Norge.

Så vil jeg gjerne gi nogen meddelelser om det som ellers er gjort for å styrke forsvaret siden Stortinget var sammen i høst. Først vil jeg nevne generelt det som Regjeringen har besluttet å bruke, og senere vil det vel da bli anledning til i enkeltheter å komme inn på hvad der er bestilt og hvad der er satt i verk for disse beløp. Av nøytralitetsfondet er det siden 1 september besluttet anvendt i alt 7.633.000 kroner. Av de 40 millioner som ble stillet til rådighet av Stortinget, er det, når jeg tar nøytralitetsvernets utgifter med, samlet anvendt inntil en viss dato - jeg har ikke datoen for et par av disse beløp foran mig, men jeg skulde anta at det beløp jeg nevner her, er hvad der er stillet til rådighet før den 10 oktober: Det var inntil da disponert 32.552.000 kroner av kapitel 1170, som ble opprettet for å ta imot de 40 millioner som Stortinget bevilget i høst. Dertil kommer hva Regjeringen etter den 10 oktober har stillet til rådighet: et beløp på 3,4 millioner kroner og et beløp på samlet 20 millioner kroner, således at det tilsammen av nøytralitetsfondet og av kapitel 1170 av Regjeringen er stillet til rådighet for forsvaret 63,7 mill. kroner. Derav vedkommer nøytralitetsvernet 23,5 millioner; resten er altså da kommet forsvaret til gode gjennem foranstaltninger utenom det opsatte nøytralitetsvern. Jeg nevnte at et beløp på 7.633.000 kroner gikk av nøytralitetsfondet. Av kapitel 1170 er det da stillet til rådighet for forsvaret i alt vel 56 millioner kroner, når det som er tatt av nøytralitetsfondet fragår.

Det vil føre for langt å gå i enkeltheter med hvad disse store beløp er brukt til, men en del større ting må jeg få lov til å nevne, og jeg må også omtale et par av de forhold som kommer med i betrakting her. Først vil jeg nevne et spørsmål som har vært behandlet i avisene gang på gang og ut fra nokså feilaktige forutsetninger. Det er spørsmålet om de motor-torpedobåter som er bestilt fra England. Bestillingen av den første motor-torpedobåt blev dessverre forsinket; det skyldtes de vanskeligheter det da var forbundet med å komme i forbindelse med de enkelte lands regjeringer, for at vår undersøkelseskommisjon kunde få komme inn i fabrikkene og få se på det materiell som vi hadde fått tilbud om. Det endte med at det i det hele ble bestilt 8 båter, og de skulde da

leveres utover i tiden fra desember i år og til sommeren 1940. Da krigen kom blev det meddelt oss gjennem Utenriksdepartementet, etter den melding som var kommet fra England, at disse båter vilde bli beslaglagt av England. Det var helt generelt sagt, og etter hvad vi også fikk høre underhånden var det ikke så sikkert at England vilde komme til å ta dem, om vi bad dem ikke gjøre det. Vi sendte derfor en mann over til London, forhenværende admiral Otto, som skulde forhandle med de engelske myndigheter om dette. Han kom tilbake etter en ukes ophold og avgav først sin muntlige rapport - den er siden kommet skriftlig - som går ut på at alt er i orden. Vi får både de bestilte båter og det bestilte reservemateriell som vi har gjort regning på. Men vi har ikke ennå fått den skriftlige bekreftelse gjennem de engelske regjeringsmyndigheter og Utenriksdepartementet, så jeg har ikke villet la avisene få høre det, og de har da fått skrive som de har gjort om at det er forsømt, at vi ikke får båtene. Men jeg går ut fra, etter den rapport som foreligger, at det er fullkommen sikkert at vi får dem.

De bevilgninger som jeg nevnte, er jo brukt på mange områder for å avhjelpe de mangler som har vært tilstede, men først og fremst er de kommet luftvernet og flyvevåbenanskaffelser til gode. Det er tidligere, i St.meld. nr. 28 tror jeg det var, gjort rede for at vi hadde kjøpt 6 jagerfly i England. De er kommet godt med, vi er vel fornøiet med dem, og det blev derfor bestilt 6 av disse Gloster-Gladiator-flyene. Vi har fått meddelelse om at alle 6 ligger ferdige til å sendes fra England nårsomhelst, det er en allerede flere dager gammel melding. Når de kommer har vi 12 av disse fly. Senere blev det bestilt 12 jagerfly av den høieste klasse, som vi etter de undersøkelser som blev gjort kunde gå til anskaffelse av, nemlig 12 Curtiss-jagerfly fra Amerika. De skal leveres i mars-april 1940. Imidlertid fikk vi også anledning til å bestille 12 til. Regjeringen stilte penger til disposisjon og det blev avsluttet kontrakt om levering av 12 nye Curtiss-jagerfly, så vi får ialt 24 fra Amerika. Det var stillet i utsikt at vi skulle få disse 12 på samme leveringstid som de første, men muligens blir det nogen forsinkelse slik at vi ikke kan gjøre regning på å ha, iallfall de siste av dem, før i mai måned.

Betalingsbetingelsene var også de oprinnelige.

For marinens vedkommende var det som tidligere meddelt, bestilt 6 moderne torpedofly fra Heinkelfabrikken i Rostock. Der blev det også foretatt et ytterligere kjøp av 6 nye Heinkel-fly som vi skulle få på de samme betalingsvilkår og også såvidt mulig på den samme leveransetid, idet representanten for fabrikken her stilte i utsikt av hvis det ikke gikk på annen måte, skulle de bli tatt av de serier som ble bygget til tyskernes eget bruk. Hvis det går i orden skulle vi ha disse 6 nye Heinkel-fly i løpet av et par måneder.

Videre er det på denne måte blitt adgang til å utvide de tidligere kontrakter for bestilling av luftvernskyts. Det er tidligere bestilt luftvernskyts, 20 millimetere og 40 millimetere, ved Kongsberg, ved Bofors, i Sveits og andre steder, hvorav en del skal leveres innen utgangen av dette år og en del senere. Fra Bofors blev det stillet i utsikt - på grunn av at Bofors nu ikke kunde levere etter kontraktene til England da England var krigførende - at vi der kunde få noe luftvernmateriell. Vi sendte en mann der ned med engang. De var ikke da villige til å svare med mindre vi oppgav hva vi ville kjøpe. Det blev da gitt en opgave over hva vi muligens kunde tenke på å kjøpe, og vi fikk den beskjed at det var ikke fabrikken herre over, det måtte regjeringen avgjøre, om vi kunde få noe under de nuværende forhold. Den svenske regjering blev da gjennem Utenriksdepartementet spurt, og svarte at vi kunde gjøre regning på å få eksporttillatelse fra Sverige for det som vi kunde få kjøpt av fabrikken. De holdt det altså snevende. Så fikk generalfelttøimesteren i opdrag å reise og søker å få kontraktutkast gjort ferdig for en bestilling av 24 stk. 40 mm. Da han kom hjem, var forhandlingene optatt fra russisk side overfor Finnland, og såvidt jeg forstår, har svenskene under de vanskeligheter Finnland dermed kom i, fulgt den linje at de skulde forsyne Finnland med så meget som mulig av det materiell de kunde undvære. Og generalfelttøimesteren fikk derfor den beskjed at han ikke kunde få sikkert svar på dette før om en 8 dagers tid. Den tiden er nu gått, men vi har enda ikke kunnet få sikkerhet for det.

De 20 millioner som jeg nevnte særskilt at Regjeringen har stillet til disposisjon for hær og marine, fordeler sig med 12 millioner på hæren og 8 millioner på sjøforsvaret. Disse bevilgninger er disponert eller vil bli brukt slik, at på de områder hvor det er de største og mest skrikende mangler, der vil disse mangler bli avhjulpet i sin helhet; der vil altså behovene slik som de er satt opp fra de militære myndigheters side, helt bli imøtekommel. Det gjelder f.eks. alle anskaffelser av tekstilvarer. Derfor er det i denne bevilgning et beløp på 5,5 millioner til oparbeidelse av de tekstilråstoffene som det tidligere er stillet penger til disposisjon for å anskaffe, og for øvrig er fordelingen av disse beløp forelagt kommanderende general og kommanderende admiral og godtatt av begge disse myndighetene. Med de midler som er stillet til rådighet, er de krav som er fremsatt fra de militære myndigheter, imøtekommel i meget stor utstrekning. Det er også fremsatt krav som vi ikke har funnet å kunne imøtekommel eller ikke villet imøtekommel, fordi de har vært av en sådan art at de ikke har kunnet få betydning for den situasjon vi er oppe i nu. Det har vært krav som har gjeldt foretagender som ikke kunde ha vært fullført før i løpet av minst 3-4 år. Derfor har vi holdt dem utenfor.

I tillegg til de beløp jeg har nevnt her, har Regjeringen stillet til rådighet også et betydelig beløp for

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite

Møte onsdag den 25. oktober 1939 kl. 11

forsyninger for de militære behov. Det vil imidlertid statsråd Lie gjøre rede for, fordi det er Forsyningsdepartementet som skal greie med disse ting.

En ting er det vel riktig at jeg nevner samtidig. Det har flere ganger i Stortinget vært fremholdt av de militære myndigheter at det har vært stor mangel på befal. Behovet for befal har gjort sig sterkt gjeldende nu under opsetningen av nøytralitetsvernet og nøytralitetsvakten, og det er kommet krav for hærens vedkommende fra kommanderende general om å få en utvidet befalsutdannelse. Det har Regjeringen imøtekommert etter de forslag som er fremlagt av kommanderende general for befalsskolenes vedkommende og for krigsskolens vedkommende - og det gjelder da både infanteriet og alle spesialvåbnene, også flyvevåbnet og luftvernet - idet det er gitt bevilgning til en forøkelse av elevtallet ved befalsskolene med i alt 189 nye elever, 20 elever ved hver enkelt befalsskole, undtatt i Nord-Norge, hvor det bare blev tatt 8, fordi de hadde så mange før at da ville det bli det samme antall ved alle befalsskoler. Så den verste befalsmangel forsåvidt befalsskoleutdannet befal angår skulde altså da være avhjulpet.

Statsråd Lie: Da utenrikskomiteen var samlet sist, var Forsyningsdepartementet så nytt i sin virksomhet, at jeg ikke på det tidspunkt kunde gi noen oversikt som kunde være av noen betydning for utenrikskomiteens medlemmer. Nu har vi jo arbeidet litt mere med tingene, og idag er det kommet såvidt langt at jeg kan gi en fremstilling av de viktigste spørsmål.

Det som har vært det mest aktuelle i denne tid og kanskje det mest omdiskuterte, har vært landets forsyninger med bensin. Nu har dette rettet sig, og etter at spørsmålet om å opheve bensinrasjoneringen var forelagt det nedsatte mineraloljeutvalg i to møter, besluttet så Forsyningsdepartementet etter at Regjeringen hadde drøftet situasjonen i flere møter, å opheve bensinrasjoneringen fra 20 oktober kl. 6 om morgenen. Nogen hel frigivelse av bensin har i virkeligheten ikke funnet sted. Utad heter det riktig nok at bensinrasjoneringen er ophevet, men det er ved en skriftlig avtale mellom selskapene og departementet truffet bestemmelse om at det fra selskapenes tanker eller fra tankskip, som nu benyttes for opbevaring av bensin, ikke nogen uke skal tas ut mer enn 3 500 tonn. Dette tall ligger litt over det som normalt forbrukes på denne årstid. Fordelingen av disse 3 500 tonn er selskapene blitt enige om sig imellem, og de er først og fremst interessert i å kontrollere hverandre. I tillegg til den avtale som fant sted om de 3 500 tonn, inngikk selskapene med departementet en kontrakt om at de for hver liter som uttas etter 20 oktober, skal betale en avgift av 2 øre til staten. Det vil vel formodentlig etter normalt forbruk fremover bety at vi får inn omkring 3 millioner kroner pr. år til å møte de

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite

Møte onsdag den 25. oktober 1939 kl. 11

utgifter som kan være forbundet med bygging av nye tankanlegg og i det hele for å utvide landets reservelagre av bensin.

Situasjonen var ikke så grei i løpet av september måned. Jeg har ikke før kunnet gi grunnen for den situasjon vi kom op i, fordi det gjaldt forhold som, hvis Regjeringen hadde villet opplyse om det, kunde ha voldt store vanskeligheter, ikke alene for vår bensintilførsel, men også for andre tilførsler. Nu er imidlertid situasjonen den at de skib som var under fart både med bensin og andre varer, enten er kommet til sine bestemmelsessteder her i landet, eller er blitt supplert med nye skib, slik at faren ved å gi opplysninger om det nu er borteliminert, og det så meget mer som selskapenes direktører nu har gitt en forklaring, nemlig den at store bensinkjøp som var foretatt i juli og august, ikke var kommet frem til sitt bestemmelsessted i Norge, men var «havnet annet steds hen». Det gjaldt ialt bestillinger som var betalt, på henimot 55 000 tonn bensin. Av statistikken fremgår også dette tydelig nu. I september ifjor kom det inn til landet til selskapene ca. 25 000 tonn, i september år kom det bare inn 4 800 tonn. De 55 000 tonn bensin var kontrahert og betalt, og for ca. 40 000 tonns vedkommende var de flyttende, men ikke på norske skib, det gjaldt engelske skib, og de blev uten videre dirigert inn til England. Dette blev grunngitt for et enkelt skibs vedkommende med at det hadde maskinskade, og for et annets vedkommende med at mannskapet nektet å gå ut osv. De selskapene som det gjaldt, var i den stilling at de overfor sine hoveddireksjoner i utlandet ikke kunde gjøre annet enn å forlange å få dem hit, men det fikk de ikke. Senere har de imidlertid fått supplert sine forsyninger. Det jeg fryktet for ved på det tidspunkt å gi denne opplysning, var at vi kunde risikere at enhver last med konnossement, lydende på norsk firma og bestemt for norsk havn, men på utenlandske skib, ikke ville bli respektert f.eks. av tyskerne. Hvis de fikk kjennskap til at inngåtte kontrakter på den måte blev satt til side av en motstander, kunde vi ha risikert at en hel del av våre tilførsler på fremmede skib på den måte ikke var kommet til Norge. Nu kan imidlertid utenrikskomiteens medlemmer få kjennskap til denne side av saken. Det hadde ikke vært heldig tidligere å gi denne opplysning, hverken for vårt forhold til fremmede makter eller for det fremtidige arbeide som disse private selskaper vilde ha med forsyningsspørsmålet.

Idag har vi ca. 120 000 tonn bensin i landet. De private selskaper har fått sine tilførsler etter det program som blev satt opp i midten av september, og de har idag på lager ca. 85 000 tonn. Så er alle tre statsbestillinger kommet velberget inn, slik at staten har, enten på skib eller i tanker, ca. 35 000 tonn. «Beduin» og «Ole Jacob» kom uhindret frem og nøiaktig på den beregnede dag, mens derimot «Orkanger», til tross for at de engelske myndigheter var underrettet samtidig med at båten gikk fra Gulfen, og hadde fått erklæring fra den norske stat om at dette gjaldt

forsyning til våre forsvarsmyndigheter, blev opbragt i Kirkwall. Den blev riktignok løslatt temmelig straks, og nu er den da her i landet. Jeg ser derfor ingen fare i foreløbig at bensinrasjoneringen er ophevet. Det vil vise sig om selskapene kan kontrollere hverandre og holde det skrevne ord, og det skulde jeg tro vil bli holdt. I mineraloljeutvalget var det bare en som var uenig i bensinrasjoneringens ophevelse, og det var formannen i Norsk Transportarbeider forbund, Fladeby, som stemte for at private biler ikke skulde få lov til å bruke bensin.

De vanskeligste spørsmål ved bensintilførselen og opbevaringen består vel nu i å bygge reservetanker, og der er kommet et forslag fra selskapene, som departementets sakkyndige hittil ikke er helt fornøiet med, idet det er litt ugunstigere for staten enn ventet. Det vil fra departementet bli utarbeidet et forslag, som så vil bli forelagt bensinselskapene i løpet av denne uke eller i begynnelsen av neste. Vårt program går ut på at vi skulde søke å skaffe oss så store tankanlegg at vi skulde kunne nå op i en beholdning på selskapenes tanker på omkring 100 000 tonn. Så arbeides det med anlegg for forsvarets vedkommende, som jeg senere skal komme tilbake til, og dessuten vil det bli arbeidet med spørsmålet om reservetankanlegg for industrielle bedrifter, busselskaper og andre sammenslutninger m.v.

Statsminister Nygaardsvold: Veivesenet!

Statsråd Lie: Veivesenet er også i gang med å bygge egne tankanlegg, slik at vi kan regne med at når samtlige, private og offentlige, tankanlegg blir ferdige, skulde vi på tankene kunne ha en beholdning som kommer til å ligge på mellom 140 og 150 tusen tonn. Det å lagre lastene på tankbåtene er meget kostbart. De to båtene vi nu har liggende, «Orkanger» og «Ole Jacob», koster oss 6 500 kroner pr. dag, og det å få såkalt «billig» tonnasje som det er snakket om, for opbevaring av bensin, viser sig å by på store vanskeligheter. Jeg antar at det kan melde sig spørsmål om å rekvirere båter og ved skjønn få fastsatt den godt gjørelse som disse skal ha for å være til disposisjon som bensinopbevaringsskip.

I denne forbindelse kan jeg da ta de øvrige brenselsspørsmål, det gjelder kull, koks og sinders. Det har vært holdt en del møter om dette og om andre spørsmål, hvorav statsministeren har deltatt i alle undtagen ett, og dessuten har finansministeren deltatt i de allerfleste av dem. Den 17 oktober hadde vi et møte med kullimportørene og representanter for Statens kullråd og Kullkontoret. Tidlig var det bragt frem forslag om en foreløpig rasjonering, slik at man skulde få inntil 10 hl. koks, 10 tønner kull eller 1 tonn sinders. Det er nu spørsmål om en ytterligere lempning på disse bestemmelser, og jeg venter et forslag fra Kullrådet og Kullkontoret en av de første dager. Tilførslene av kull, koks og sinders har gått nogenlunde normalt. Importen i

september svarer omtrent til importen i september måned ifjor, og for oktober ligger vi adskillig over importen fra ifjor. Det er blitt meddelt Forsyningsdepartementet av kullimportørene og Kullrådet at vi for tiden har omtrent samme beholdning som vi hadde da Stortinget var samlet i september, ca. 600 000 tonn kull og ca. 150 000 tonn koks og sinders. Det svarer til omtrent 3 måneders normalforbruk. Regjeringen har drøftet våre kullforsyninger i det hele, idet det jo kan være, eller iallfall før under krigsforhold har vært et meget ømtålig spørsmål. I forrige uke sendte vi en skrivelse til Statens kullråd, hvor vi ber om at dette sammen med importørene skulde ta opp spørsmålet om en ytterligere lagring av kull, koks og sinders for ca. 3 måneders brenntermin. Det er blitt sagt at det vil komme til å koste nogen penger, kull er vanskelig teknisk å lagre på grunn av faren for selvantennelse, men Regjeringen har ialfall bedt om å få sig et omkostningsoverslag forelagt over både hvad de økede innkjøp og de større lagre vil koste, så får man da se om man kan nå frem til en tilfredsstillende ordning av slike reservelagre som jeg personlig mener er absolutt nødvendige.

